

Den gassiske presten Daniel Aas og kona Elisabeth

Av LUDVIG MUNTHE

Den gassiske presten Daniel med etternavn frå Ryfylke er heller ukjend for oss her i landet. I dag er han av dei fleste gløymd også på Madagaskar. Då det nyleg kom spørsmål om han frå Tulear Universitet sitt historiske tidsskrift «Talily», sette me oss føre å samla relevant materiale som finst i norske arkiv. Me vil nytta dette høvet til å få presentert denne dokumentasjonen også på norsk.

Artikkelen byggjer på brev, kopibøker, protokoller og andre dokument i NMS-arkivet i Stavanger. Me har også fått oversikt over innhaldet i ei jernkiste me fann på loftet på Ås, misjonsprest Reinert Aas sin heimegard på Sand i Ryfylke. Reinert Aas-boka: «Oplevelser og Indtryk» i to bind inneheld også opplysningar om Daniel. Det same kan seiast om Misjonstidende.

For å vera litt til hjelp for dei som i si forskning vil setja soga hans inn i ein større samanheng, har me i noteapparatet teke med mest råd av tilvisingar. Artikkelen vert såleis mest som dokumentasjonsamling og døropnar å rekna.

Då me som nye misjonærer i 1946 kom til Madagaskar, vart me i Fianarantsoa mottekne utanfor Masombahoaka-kyrkja av den gassiske pensjonerte soknepresten Daniel Aas. Han letta på tropehjelmene og sa på korrekt norsk: «Velkomne til Madagaskar! Hvordan har folk det på Sand og i Sauda?»

Men la oss først nemna nokre data kring misjonsprest Aas sjølv. – Reinert L. Aas, f. i 1849, kom til Morondava på Vest-Madagaskar i

1880. Saman med misjonsprest D.O. Jakobsen bygde han opp Betania og Betel misjonsstasjon.

Aas si første arbeidsøkt varde frå 1880 til 1888. Han var på heimeopphald frå 1888 til 1892. Den andre økta ute tok til i 1892 og slutta i 1900. Heime att var han i åra 1900–1902. Den tredje og siste arbeidsperioden ute var frå 1902 til 1907.

Første kona Ingeborg, f. Fatnes, døydd 1884 (altså i første perioden). Han vart gift andre gongen i 1886 med Ellen Sofie Bertelsen, f. Olsen, enka etter misjonsprest E.A. Bertelsen.

På si første utreise fylgde Aas misjonsskipet «Elieser» som la ut frå Fredrikstad, ei reise som tok 73 dagar via Durban til Morondava. Dit kom han 19. oktober 1880.

Dei første åtte åra hans på Madagaskar var ei politisk brytningstid. Frankrike hadde gjort seg meir og meir gjeldande på øya sjølv om den franske okkupasjonen av Madagaskar fann stad først i 1896. Aas fortel at han under sine misjonsreiser på Vest-Madagaskar ofte var på besøk hos franske «residentar» som hadde slått seg til der og dreiv handel og anna næringsverksemd.¹

På den andre reisa ut fylgde Aas eit norsk dampskip («Hero») frå Kristiansand til London. Han skulle dra vidare derifrå med ein av det franske selskapet «Messagerie Maritime» sine båtar. Men storm i Nordsjøen gjorde at han og reisefylgjet ikkje nådde dette skipet. Han måtte difor ta seg over til Frankrike og reisa med jernbane over land til Marseilles, noko som ga han høve til eit kort «stop-over» i Paris.

Opphaldet i den franske hovedstaden gjorde sterkt inntrykk på Aas. Då han hadde sett byen frå toppen av Triumfbogen, nøler han ikkje med å seia at Paris tvillaust var den vakraste byen han nokon gong hadde sett. Både Eifeltårnet og Notre Dame imponerte saman med Place de Bastille, Place des Tuilleries og la Colonne de Vendôme. Han opplevde også landskapet han såg på togreisa frå Paris til Marseilles, som uvanleg vakkert og vart livslang «Frankrike-ven». Me skal sidan sjå at denne Frankrike-interessa hans berre auka, og at det kom Daniel til gode.²

Men la oss sjå nærare på Aas si private utviklingshjelp, hans innsats for å utdana Daniel og nokre andre til ein gassisk elite som kunne gjera seg gjeldande i den lutherske kyrkja som NMS var i ferd med å byggja opp på Madagaskar.

Det synes å vera om å gjera for Reinert Aas å streka under at desse hjelpeprogramma hans ikkje belastar misjonen sine budgett og at han sjølv «sammen med en Væn i Amerika har baaret det».³

(Om korleis misjonsprest Aas hjalp fram til god utdanning på Madagaskar «pleiesønnen Mika» og fleire andre ungdomar frå Vest-

kysten, sjå vår artikkel i «Årsskrift for Sauda Sogelag 1996» s. 11 ff. ISSN 6333-3264).

Daniel Aas

Mellom Aas sine gassiske «Pleiebørn» står Daniel i ein særklasse. Den som kom nærast Daniel i status var jenta Elisabeth. Men det var berre Daniel som alt til sin døyande dag bar etternavnet Aas.

Misjonsprest Reinert Aas hadde tru på det private initiativ og gjekk på eiga hand medveten inn for å utdana og forma gassiske kyrkjeleiarar. Ei rekkje brev og andre dokument vitnar om hans sterke engasjement på dette feltet.

Aas tok økonomiske sjansar på kanten av det forsvarlege då han saman med si kone, Ellen Sofie, sette seg føre å ta Daniel og Elisabeth med til Norge under heimeopphaldet 1900–1902.

Det er desse unge gassarane si saga, deira utdanning og liv på Madagaskar og i Europa, me her først og framst vil prøva å finna nærare ut av.

Daniel var fødd i 1878 i Madagaskar innland. Mor hans døydde då Daniel ennå var liten. Faren som var knytt til dronninga sitt militærvesen, vart ei tid etter flytta frå innlandet til Hovaforlegninga i Mahabo, nokre mil aust om Morondava på Vest-Madagaskar.

Den vesle guten hadde svak helse og fekk vanskar med kystklimaet. Difor gjekk faren som var kristen, saman med guvernøren i Mahabo, Rainizafindrazaka, ein dag i 1884 til Morondava for å spørja misjonæren om han kunne ta seg av Daniel og ha han som sin eigen son.

Det var dette året Reinert Aas miste si første kone Ingeborg. Kanskje Aas i sorga og saknet såg det som ei Guds gåve å få Daniel. Kanskje tapet av barnet sitt, gravlagd saman med mora, førde til at han straks gjorde Daniel til sin spesielle «Pleiesøn» og ga han Aasnavnet.

Då var Daniel 6 år og redd dei kvite. Redsla for «mpakafo» (= slike som tek hjarta) var utbreidd mellom både vaksne og gassiske barn. Daniel var slett ikkje trygg. Tenk om han var komen til menneskeetarar! Daniel roa seg likevel fort, friskna til og kom til å trivast godt i Aas-heimen. Merkeleg nok vart han ikkje døypt før den 26.1. 1893 då han var 15 år gamal.

Breva Daniel seinare i livet sende til sin «far» syner ei grunnfest, opa og tillitsfull haldning. Han varierar overskrifta i breva sine med «Ry longo» (1885), «Ry raiko aminy Jeso Kristy» (1887), «Any Papa» (1891), «Any R.L. Aas. Raiko malala.» Berre ved eit høve skriv han meir forretningmessig «Monsieur R.L. Aas» (1899).¹

Han synes også å ha hatt «bror»-kjensle overfor Lars, Aas sin eigen son (seinare kjend som dosent Aas) som var fødd under Aas-familien sitt første opphald heime i 1889. Då Lars var 10-11 år gamal sende Daniel eit par-tre handskrevne ark til han med «Hira, Hataka» (= Salmar og bønner) innehaldande sume av dei mest kjære og kjende songane i den gassiske kyrkja, kjende og mykje nytta av både barn og vaksne.⁵

Daniel uttrykkjer ofte takksemd overfor sine fosterforeldre. Under Norges-opphaldet seier han såleis: «Nandanianareo vola be aho» (= De har brukt mykje pengar på meg). Men så er også Daniel fast bestemt på ikkje å gi sine «foreldre» noko vonbrot ved å bryta ut og nytta sine kunnskaper til eiga vinning. I eit av sine brev til «Papa sy Mama» fortel han om at trongen hans berre blir alt større etter å bli «mpiasan'ny Tompo» (= Herrens tenar).⁶

Ein kan spørja om det var klokt av misjonspresten å gi Daniel etternavnet Aas. Daniel vart på det viset ein slags adoptivson og meir enn «Pleieson». Men han fekk ikkje fullt ut den adopterte sine rettar. Av seinare brev, då det er tale om arv og eige i Norge, er såleis Daniel ikkje nevnt. Men det synest ikkje som om Daniel har rekna med noko slikt heller, eller kjent på anna enn takksemd overfor heile familien Aas for den hjelp til utdanning og omsorg som vart han til del.⁷

Reint praktisk synes navnet Aas å ha gitt Daniel og Reinert Aas sine misjonærkolleger visse vanskar under Europa-opphaldet. Seinare tilsynsmann i NMS' Madagaskar-misjon, franskmannen Buchenschutz, gjer Lars Dahle i NMS i Stavanger merksam på at han i Paris hadde hatt administrative problem med Daniel sitt Aas-navn og at han syntes det var uklokt av misjonspresten å gi Daniel navnet sitt.

Då Buchenschutz under Daniel sitt Europa-opphald, vart beden om å hjelpa ungguten på ulike vis, fekk han i franske offentlege kontor problem med å få godkjende enkle sakspapir. Den slags adopsjon, som samstundes ikkje var adopsjon, kunne kanskje vera grei nok og akseptabel på Madagaskar og i Norge, men var ukjend i Frankrike. Folk vil dessutan lett tenkja på Daniel som Reinert Aas sin son utanom ekteskapet.⁸

Daniel sin biologiske far høyrer me lite om. Men i eit brev til Aas og frue skreve medan Daniel var elev ved Presteskulen i Fianarantsoa, nemner han sin «Dada any Betafo» (= far på Betafo). Daniel skulle ynskja at faren kunne koma til Fianarantsoa og bu hos seg, for han var nå gamal, fattig og hadde det ikkje så godt. Han legg til at Frk. Siqueland, styraren på jenteskulen på Ivory Atsimo (rett overfor Presteskulen), ville skaffa faren jord så han kunne putla og stella

med rismarker i det små og såleis greia seg. Me høyrer ikkje om dette vart noko av.⁹

Dessutan nemner Daniel slektningar som bur i Fianarantsoa. Presteskulen hadde ferie frå 1. juni til ut juli. Eit år var Daniel i ein situasjon der han ikkje hadde pengar til å reisa den lange vegen frå Fianarantsoa heim til Morondava. Då skriv han at desse slektningane hadde invitert huslyden Daniel til å bu hos seg.¹⁰

Utdaning og arbeid før reisa til Norge

Mangt hende før Daniel kom så langt som til Presteskulen. På slutten av si første arbeidsøkt i Sakalava-land (1880–1888), tenkte Reinert Aas mykje på korleis han skulle kunna gi Daniel den beste utdanning. På Vest-Madagaskar var skulane få. Og han fekk ofte avslag når han prøvde å få sine utvalde elevar inn ved skulane i Høglandet.¹¹

Men med Daniel lukkast han. Guten hadde difor etter tilhøva bra utdanning alt før han reiste til Europa. Han var lærar, sjølv om skulegrunnlaget var noko tynt. Men det er nemnt i fleire brev at han underviste i Morondava. Aas strekar serleg under at Daniel i månadane før reisa til Norge, då Morondava-misjonæren stod utan skule-budgett, ved sin kjempeinnsats berga skulen og heldt undervisinga i gang: «Kolleger ydet mig Bistand ved Skolen tillige med vor Pleiesøn Daniel».

Vidare ser ein at Daniel tidleg alt var aktiv i kyrkjearbeid. Me får m.a. høyra at han var med «far» sin på avskilsvitjing kring i kyrkjelydane. I Belo-sur-Mer talte Daniel om kor godt det er «for Tid og Evighet at tjene Herren.»¹²

Daniel hadde før Europa-reisa også lært seg litt fransk. Etter den franske okkupasjon av øya i 1896 var administrasjonsspråket fransk. Daniel siterar i brev til Reinert Aas ein fransk tenestemann som hadde spurt om han kunne fransk, «teny François». Til det hadde Daniel kunna svara: «Mahay kelikely aho» (= Eg kan litt). Funksjoneren oppmuntra han då til å nytta alle høve som baud seg til å praktisera fransken, t.d. ved å snakka med franske soldatar som ein på den tid kunne treffa mest over alt.¹³

Til Norge

Det vesle Daniel kunne av framande språk kom vel med då han 22 år gamal, fekk koma til Europa saman med Aas-familien som drog heim til Norge på sitt andre heimeopphald fra 1900–1902.

Familien Aas var klar for heimreise i juni 1900. Men dei fekk prøva tolmodet sitt. Aas skriv i brev frå Morondava til kollega J.O. Bang i Belo-sur-Mer at han nå «ligger paa Reise» og ventar på «Postskibet». Dei hadde venta i 3 månadar utan at det var kome.¹⁴ I brev til Røstvig

skreve 21. august 1900 seier Aas seg glad for at dei nå endeleg ser ut til å få koma av stad «selv om det blir til Vinteren i Norden». Han skriv elles først og framst fordi han må ha 150 pund meir til reisekassa. Han hadde funne ut at han ikkje hadde rekna med kostnadene for reisa Marseille-Paris. Reisefylgjet der Daniel og Elisabeth var med kom avgarde og reiste «fra Sakalavaland den 28.8. 1900».¹⁵

Dei reiste med dampskipet Yang Tsi til Frankrike.¹⁶ Saman med Borchgrevink i same reisefylgjet, stogga dei i Paris der «Verdsutstillinga 1900» nett då fann stad. Som naturleg var fann dei den norske og den gassiske avdelinga mest interessante. I Madagaskar-avdelinga møtte dei mange gassarar. Reinert Aas og Daniel fekk i stand møte og samlingar for dei. Daniel tok ivrig del som forkynnar og songar.

Dei fekk bu hos pastor Paul Bucschenschutz, seinare fransk Madagaskar-misjonær i NMS si teneste frå 1903 til 1948. Reisefylgjet vart verande i Frankrike i heile tre veker. Misjonsleidinga heime må ha tykt at misjonæranne skulle sleppa stress under heimreisa når dei let eit slikt ferieopphald undervegs passera utan merknader.¹⁷

Giftarmål

Også pleiedottera Elisabeth fekk vera med til Norge. Det er lite kjeldene veit å fortelja om hennar bakgrunn bortsett frå at ho var dotter til ein mann frå Finland (truleg sjømann), og ei sakalavakvinne.¹⁸ Ho var fødd i november 1885 og såleis omlag 7 år yngre enn Daniel og 15 år ved Norges-reisa.

Ellen Sofie og Reinert Aas visste at Elisabeth trong særleg omsorg og ettersyn. Dei kjende til kva press unge jenter på Madagaskar stod under og kor lett dei kunne utnyttast og havna i umoral. «Mange unge Piger falder som Offer for Hvide og Sorte i ung Alder». Også Elisabeth hadde fått merka dette presset, sjølv så ung ho var.¹⁹ Dette skriv også Daniel om, men legg til at Elisabeth var heldig som hadde sterke «foreldre» som visste å verja henne.²⁰

Aas skyna at det kunne verta vanskeleg for dei to ungdomane å bu så tett innpå kvarandre under eit årelangt opphald i Norge. Difor let han dei gifta seg.

Han var klår over at dei gifte seg i ein uvanleg ung alder: Elisabeth var 15 år, Daniel 23. Truleg etter noko kritikk, forsvarar Aas seg og syner i brev til Lars Dahle til det nemnde presset på unge jenter på Madagaskar. Ved heimkoma til Madagaskar etter tida i Norge, kunne ho lett verta borte både frå familien Aas, frå misjon og kyrkja. Omsorg og utgifter med oppdraging og utdanning ville då truleg vera mest bortkasta. Det var såleis for å gi hjelp både til Elisabeth og Daniel «at vi lod hende gifte seg i en efter norsk... saa altfor ung Alder.»

Før utreise til Madagaskar gir Aas i brev til kollega K.O. Lindø, styrer ved presteskulen, Elisabeth ein god moralattest: «Om Daniels Hustru Elisabeth kan det med Tryghed siges at hun aldri har havt med nogen anden Mand at gjøre». Han ber om at ekteparet vert godt mottekne når dei kjem ut.²¹

Aas meiner såleis at ordninga med det tidlege ekteskapet hennar med Daniel var rett. Han synes alle i misjonen skal gle seg over kor godt dei går ilag og kor glade dei begge synes å vera i einannan. Aas og frue lovar at dei vil passa på at ekteskapet ikkje skal hindra dei unge frå å få det beste utbytte og utdanning under opphaldet i Norge.²²

Men kor vart dei vigde? Etter slik Aas skriv, får ein inntrykk av at dei vart gifte i Norge, truleg i 1901. Men det kan ha skjedd i 1900. Det kan også vera at Aas vigde dei i Morondava før heimreise. Me har leita i kyrkjebøker for stader her i landet der Aas-familien under Norges-opphaldet budde. Men i ministerialbøkene for Sand og Suldal for 1900 og 1901, under rubrikken for vigde, finn ein ikkje navna deira. Me har også undersøkt kyrkjebøkene for Domkyrkja, Petri-, Hetland- og Johannes-kyrkjelyd i Stavanger utan å finna dei. Det er lite truleg at Aas fann på noko så uhøyrst som å vigja dei privat i Norge, – for så, vel attende på Madagaskar, å føra navna opp i kyrkjebøkene der. Mest truleg er det at Aas vigde dei i Morondava straks før avreise til Norge. Diverre er det meste av Morondava-arkivet tapt i brann. Når brev og andre dokument etter Aas ikkje synes å fortelja noko, får me ikkje eit endeleg svar på dette spørsmålet vårt. Aas er i det heile sparsam med opplysingar om ekteskapet deira. Frå tida heime i Norge fortel han stort sett berre om utdanning og om den møteverksemd dei unge gassarane hadde teke del i.²³ Først når dei er attende på Madagaskar og dei fekk dottera Frida, er heimen deira eit tema i Aas-breva. Ellen Sofie og Reinert Aas gler seg over sitt «barnebarn». Sjølv synes Elisabeth og Daniel å leva harmonisk saman den tida dei var ved Presteskulen i Fianarantsoa. Men så miste dei, også til fosterforeldra si store sorg, dottera Frida. Dei fekk sidan fem barn, men berre eit av dei vaks opp. Om dette var med å skada samhaldet mellom Elisabeth og Daniel veit me ikkje. Men Aas kan fortelja at ekteskapet enda tragisk. Elisabeth forlet Daniel og ga seg i lag med ein annan.²⁴

Elisabeth sin skulegang

Ved heimkomsten til Norge, etter å ha vore på reisefot frå slutten av august til byrjinga av november 1900, hadde Aas-familien den første

tida fått ta inn hos Valen og frue, styrarparet ved misjonærbarneheimen «Solbakken» i Stavanger. Då dei skulle flytta til eit meir permanent husvære i byen, spør Aas om «den gassiske Kvinde Elisabeth kan faa blive hos Br. Valens på Solbakken indtil næste Vaar». Valen svarar at «intet er til Hinder» – frå hans side, for ei slik ordning. Føremålet var at Elisabeth skulle lære norsk.²⁵

Så vart Elisabeth ei tid buande på Solbakken saman med misjonærbarne. Men sidan fleire av dei kunne så godt gassisk, og hadde lyst å nytta sin kunnskap, vart det heller smått med norsk-læringa.

Aas skriv då til «Fru Gjør» i Kristiania og ber henne hjelpa Elisabeth inn ved Industriskolen i hovedstaden. Misjonspresten let vel over Elisabeth sine evner på ulike felt og strekar under at den norsken ho kan, er flytande utan framand aksent. Han samlar opp så mykje godt han kan seia om henne, så det var tydeleg om å gjera for han å få henne inn ved denne skulen.²⁶

Fru Gjør er i byrjinga ikkje så overtydd om at dette var den beste løysinga. Ho skriv brev til «Sekretær Dahle» same dag som Aas skulle koma til hovedstaden for å snakka nærare med henne om Elisabeth. Fru Gjør synes at oppdraget med å ta seg av utdanninga av Elisabeth låg noko utanfor oppgåvene for «Komiteen», og legg til: «Søm og Tilklipping... kan hun jo lære ligesaa godt i Stavanger».

Ho meiner også at klimaet i Stavanger må vera betre for Elisabeth enn vinteren på Austlandet. Ho legg til at Daniel, som nett då var i hovedstaden, klagar over at han ikkje «føler seg vel i Kulden her». Dr. Chr. Borchgrevink, som me såg på den tid også var på heimeopphald og hadde med seg ein gassisk lege, dr. Solomon, – skriv etter at Elisabeth var komen til Kristiania, at begge gassarane var «kraftigt grebne av...» (influensa?).²⁷

Aas kjem ofte attende til grunningjevinga for å skilja det unge ekteparet: «Saa snart Daniel kommer sammen med sin Elisabeth, gaar det paa Gassisk». Difor meiner han, at det sett ut frå planane om at dei skal lære norsk og andre europeiske språk, «er bedst for deres Udvikling at de indtil videre ere hver paa sit Sted». – Aas er likevel fullt klår over at «det er slemt at skille Daniel og Elisabeth». Men han meiner ordninga er best med tanke på utbytte av Norges-opphaldet, om Elisabeth vert buande i hovedstaden «indtil sin Udreise». Me skal sjå at planane for Daniel sine studier ville føra han til ein ganske annan stad enn Kristiania.

Elisabeth si flytting til Kristiania synes å ha drege ut. For i byrjinga av januar 1902 skriv Aas slik til frk. Næss: «Vi sender nu Elisabeth til Eder for at være derinde hos Eder under 3 Maaneders Kurs paa Industriskolen og saa fremdeles antagelig til sin Udreise til Madagas-

kar.» I brev til Daniel kan han samstundes fortelja at det går henne godt: «Hun vinder alles Hierte. Frk. Næss er meget glad i hende.»²⁸

Aas ber frk. Næss «at behandle hende med en fast, men kjærlig Haand. Hun er frisk og stærk, men i sit Arbeide er hun meget sen af sig og har som de fleste Gassere vanskelig at passe Tiden. Min Hustru har havt megen Møie med hende i saa Maade.» Han ber om at Elisabeth «ikke maa fritages fra at følge Husets Orden... indtil en faar Leilighed og Følge for hende udover til Madagaskar sammen med sin Mand.» Han legg til at Elisabeth nå «gaar i det 17 Aar fra November af» (1902).²⁹

I Kristiania (i breva ofte skreve «Xania») budde Elisabeth hos «Frk. Næss» og hadde det trygt og godt. «Fru Schønnings Kvindeforening» sa seg villig til å betala opphaldet hennar ved Industriskolen. Fru Gjør kunne m.a. melda om kr 100,- som var kome til støtte «under hendes Ophold i Kristiania».³⁰

At dei unge over lenger tid måtte vera på kvar sin stad, kunne nok vera hardt nok, ikkje berre for Elisabeth, men også for Daniel. Men denne ordninga ga godt utbytte. Elisabeth fekk gå i lære. Daniel fekk for sin part høve til både å oppleva miljøet på Aas-garden der misjonspresten hadde vakse opp, og han vart kjend i misjonsbyen Stavanger der Aas budde mykje av tida heime. På preikereisene saman med «faren» fekk han også sjå store deler av Norge og oppleva dei ulike tilhøve folk levde under.

På misjonsmøte kring i landet

Aas sine to bøker «Opplevelser og Indtryk I-II» fortel ein del om møte og gudstenester Daniel vart med på kring i bygd og by. At den unge gasseren vart populær er naturleg, så sjeldan folk på den tid såg menneske frå eksotiske deler av verda.

Aas var elles varsam og tok ikkje Daniel med som deltakar på gudstenester og møter utan «Opfordring fra Præsten eller andre Ledere». Men i heimbygdene kjende han seg trygg for at ingen ville reagera negativt om dei såg ein farga på preikestolen i kyrkja eller på bedehuset.

Men likevel var det nett der reaksjonen kom. Aas skulle ha gudstene-
 neste i annekset Sauda og tok Daniel med. Men Suldals-presten ville ikkje ha ein «heidning» på preikestolen. Dette er så mykje meir underleg som Ås-garden ligg i prestegjeldet hans, og han såleis må ha kjent til at Aas hadde med seg heim desse to gassiske ungdomane. Det må ha vore dette å få ein farga opp på preikestolen i kyrkja han var redd for.

Men både Aas og kyrkjefolket visste råd. Etter gudstenesta sette

dei Daniel oppå den gamle «kunnngjeringssteinen» i muren kring kyrkja, og samla seg ikring for å høyra både på songen og vitnemålet hans.³¹ Utan å la seg skrema av soknepresten, let misjonsprest Aas både Elisabeth og Daniel ta del saman med «min Hustru» på søndagsmøte på Sand.

At Daniel var velkomen andre stader ser ein av mange brev i NMS-arkivet i Stavanger. Sokneprest Mikael Hertzberg ber i brev «Bestyrelsen» i Stavanger hjelpa til og gjera det mogeleg for Daniel saman med misjonsprest Aas å koma til Hjelmeland sokn for å ta del på ei gudsteneste i Fister kyrkje. Han lova både offer til misjonen og seinare å arrangera ennå ei misjonsgudsteneste.³² Også på ei misjonsreise så langt som til Nord-Norge hadde Aas Daniel med. Gasserungdomen song og «talte lid» på gudtenestene og møta. Då Reinert Aas fôr til Austlandet for å ha ein serie misjonsmøte og gudstenester der, var Daniel på ny med. Aas fekk dessutan brev frå Aremark og fleire andre stader med spesiell bøn om å ta med seg Daniel. Dei ville kosta reisa hans. Daniel fekk også vera med på generalforsamlinga i Trondheim i 1901. Misjonstidende hadde bilete av han og to gassarprestar som også var gjester der, med presentasjon av dei alle tre.³³

Slik fekk både Elisabeth og Daniel vera til signing for misjonsarbeidet samstundes som dei fekk læra seg støtt meir norsk. Aas let vel over dei. «De forstaar saa meget Norsk at de kan klare seg».

I misjonsarkivet kan ein finna øvingar i norsk: blyantskrevne små ark med gloser og små setningar: «Skøiter, Sne, Is, Ski, Kjelke... Jeg rand paa Skøiter, Ski, Kjelke i gaar.»

På same staden i misjonsarkivet finn ein også frå 1901 ein skriveprøve over temaet «Gaven». Daniel skreiv 4 små sider og fekk få feil, slike som «gitt» i staden for «gikk».

Elisabeth derimot skreiv berre vel ei lita side og fekk mange rettingar. Ho skreiv t.d. «gamel» og «kaammer». Dei har begge signert «stilane» sine den 16. sept. 1901.³⁴

Utdaning i Frankrike

Reinert Aas si Frankrike-interesse var aukande. Franskmennene hadde i 1896 hæerteke Madagaskar, og gjort administrasjonsspråket til fransk. Aas hadde på slutten av si andre arbeidsøkt på Vest-Madagaskar sett at det støtt oftare vart kravd at misjonærene og dei gassiske prestane sin kontakt med styresmaktene, skulle skje på fransk språk.

Etter hardt kjøer som reisande «emmiser» dei første månadane heime i Norge, var Reinert Aas både trøtt og nedfor. Han «satte sig derfor fore» å dra til Paris for både å kvila og å arbeida med fransk språk og

kultur. Dette gir han uttrykk for m.a. i brev til broren Elias (seinare prest i USA).³⁵

Om ein spør etter korleis Aas makta dei ekstra utgiftene til reiser og studieopphald for seg sjølv i månadsvis i Frankrike, får ein ikkje noko svar. Samanlikna med vår tids misjonærvilkår synes han og kollegene å ha hatt det heller romsleg. Misjonen må ha vore raus med misjonæranne på den tid. Ein kan berre minna om storfamilien sitt nemnde tre vekers opphald i Paris i 1900 før dei fór vidare heim. Slikt ville vore utenkjeleg for seinare misjonærgenerasjonar.

Av reiserekneskapen for ferda frå Madagaskar til Europa som Aas sende misjonen, ser ein at billettar for berre to personar er oppførde. Aas betalte såleis sjølv for fosterbarna han hadde med. Men me skal sjå at han fekk hjelp til desse utgiftene som vart ganske store for både heimturen, og for reiser og opphald i Norge. Vener i Norge og serleg i USA, bar truleg det meste av den økonomiske børda. Men det står fast at Aas var villig til å ofra mykje for å få gjennomført planane sine for desse to gassiske ungdomane.³⁶

Ikkje nok med at Aas spanderte eit månadslangt Frankrike-opphald på seg sjølv. Han tok også Daniel med seg. Aas hadde klart syn for at ikkje berre misjonæranne, men også dei gassiske kyrkjeleidarane, trong denne språkkunnskapen.³⁷

Daniel fekk vera i Frankrike i bortimot eit og eit halvt år, dei fleste månadane i Paris, resten av tida i provinsen. (Aas seier at Daniel var 1 år i Paris og 1/2 år i provinsen. Dette er truleg ikkje heilt rett).

Som me har sett, hadde Daniel noko franskkunnskap før Europaopphaldet. Det kom nå vel med.

Det ser ut for at dei begge både «far og son» hadde stort utbytte av Frankrike-opphaldet og at dei hadde det interessant og triveleg saman. Om søndagane var dei til gudsteneste i franske protestantiske og katolske kyrkjer. Men dei sette seg også inn i korleis jødane i sine synagogar feira sin sabbat. Aas fortel at Daniel stod serleg spørjande overfor synagoga sin skort på plass til Jesus-forkynning og vart verkeleg oppteken av korleis den kristne kyrkja kunne hjelpa jødane til å vinne fram til tru på Kristus.

Av det Aas skriv frå Paris-opphaldet, ser ein at dei gjennom sine kyrkjekontaktar fekk treffa mange framståande kyrkjeleidarar, sterke personlegdomar som gjorde inntrykk på dei begge.

I den svenske kyrkja som dei ofte vitja, fekk dei såleis møta Nathan Söderblom. Aas må ha fått kontakt med den seinare erkebiskopen i Sverige også utanom gudstenestene, for ein søndag vart han beden om å vikariera og halda gudsteneste i den svenske kyrkja.

For Daniel vart møtet med gassarane i Paris likevel den store opp-

levinga. Serleg stas var det sjølvsagt då han saman med Reinert Aas fekk møta Madagaskar si avsette og landsforviste dronning Ranavalona III, som franskmennene etter okkupasjonen av øya, heldt i «husarrest» i Paris etter ei tid i Nord-Afrika. Ho tok glad imot dei i audiens som varde bortimot to timar. Dronninga fekk høyra nytt serleg om kyrkje-misjon heime på Madagaskar og synte takksemd og glede. Daniel song gassiske songar og leida allsangen som dronninga sitt «hoff» tok ivrig del i. Det var dronninga som til slutt ba misjonspresten halda andakt på hennar eige mål. Aas las frå Johs. 3, 16-17 og talte om Gud som i sin kjærleik ga Sonen sin til vår frelse. Under bønna knelte dronninga. I boka si frå 1923 der Aas fortel om dette, legg han til: «Efter andakten la hun sin haand paa bibelen og sa: Dette er min trøst i utlændigheden. Jeg la mærke til at taarene kom frem idet hun sa dette og bevæget rakte frem sin haand til farvel.»³⁸

«Far» og «son» synes å ha hatt det fint saman under opphaldet i Paris. Aas let vel over Daniel og skjæmmest ikkje over å skriva at pleiesonen var hans overmann i fransk språk. «Daniel kommer ofte opp og hjelper mig med Fransken». Daniel gjekk på skule i «Marsoel(?)» ikkje så svært langt undan der Aas sjølv hadde husvære, så den unge gasseren kom ofte innom. Sjølv slappa Aas av og treivst i Paris. Han uttrykkjer dette slik: «Her har jeg det godt».

Men Daniel treivst også godt. Den unge kona hans heime i Norge var flittig å skriva brev. «Fra Elisabeth faar han ofte Breve. Sidste Gang skrev hun paa Norsk og meget godt. Og han sendte henne et lidet Brev paa Norsk».³⁹

Då det var teke avgjerd om at Daniel skulle få halda fram i lenger tid i Frankrike, fekk han reisa heim til Norge på ein kort ferie i mars månad 1901. Reinert Aas sjølv vart ennå verande i Paris til slutten av mai.⁴⁰

Gjennom eit brev til Aas i 1903 skreve etter at Daniel var attende på Madagaskar, får me høyra navnet på ein av lærarane dei hadde i Paris, – ein som underviste både «far» og «son», – nemleg Monsieur Beaudroit. Han kom seinare (i 1903) som vikar til Madagaskar for å undervisa presteskuleelevane på Ivory i fransk medan M. Parrot, fransk misjonær i NMS si teneste, var heime på ferie. Det var sikkert bra for Daniel sin status på Ivory å få sin lærar frå Frankrike ut, så det var med stor glede han kunne fortelja dette.⁴¹

Utgiftene til Daniel og Elisabeth sine reiser og opphald i Europa

Sjølv om misjonsprest Aas synes å ha hatt romsleg økonomi, må utgiftene til Daniel sitt lange opphald i Frankrike ha røynt på.

Korleis den økonomiske sida vart ordna, ser ein av ei lita fotnote i Reinert Aas sine bøker *Oplevelser og Indtryk, I-II*: «Daniels reise til Norge og opphold i Frankrike blev for det meste bekostet av pastor J.M. Dahl (tidligere missionær i Indien.)»⁴²

Men kven var denne J.M. Dahl?

Det var først ved å gå gjennom brev som Aas skreiv og sende, at me fann svaret. Aas hadde i 1890, under sitt første heimeopphald, vore NMS sin utsending til USA, invitert dit for å styrkja den lutherske kyrkja sitt misjonsengasjement. På denne reisa vart han kjend med mange prestar og kyrkjeleidarar som han sidan brevvexsla med og som ga han økonomisk hjelp i arbeidet på Madagaskar. Men J.M. Dahl vart den store donatoren. Kanskje var det med von om økonomisk hjelp frå USA at Aas våga ta med dei to gassarungdomane heim til Europa.⁴³

J.M. Dahl og dei andre venene i USA tilbaud seg endåtil å gi Daniel gratis utdanning ved eit «theologisk Seminarium» i USA. Men Borchgrevink rådde sterkt frå å ta imot denne invitasjonen. Han ottast at Daniel, som NMS hadde bruk for, då ville havna i den amerikansk-lutherske misjonen si teneste på Madagaskar. Etter å ha drøfta spørsmålet også med Lars Dahle, takka Aas nei til desse planane.

Det vart derimot seriøst drøfta om ikkje Daniel burde få høve til å gå på Misjonsskulen i Stavanger. Men med tanke på at fransk vart meir og meir språket på Madagaskar, lydde det endelege vedtaket på at Daniel skulle studera både fransk språk og teologi i Glay i Frankrike. Og han skulle «blive der til neste Sommer.»

Både Daniel sjølv og fosterfaren var samde om at Daniel skulle bli prest og få si endelege utdanning ved Presteskulen Ivory i Fianarantsoa. Daniel uttrykte også tidleg ynskje om å få arbeida i Menabe (regionen kring Morondava) på Vest-Madagaskar. «Daniel og hans Hustru ere som bekjendt opdragne i Menabe og har vist at klare Klimaet der.»

Sjølv om Aas fekk hjelp frå Dahl og andre både i USA og i Norge, kunne det innimellom gå lang tid då han stod utan midler til å greida alle utgiftene. Han fortel i brev til kollega Meeg at «Daniel og Elisabeths skole og Reiser var (hardt) nok at betale.»⁴⁴ Aas hadde skreve til fleire prestekolleger utan å få svar. Serleg venta han på å få høyra frå «America». I ein slik trengd periode kom det frå J.M. Dahl, til Aas sin store lette, ein «Vexel på kr 229 til Daniels videre Uddannelse».

Ved sida av å uttrykkja takk og glede, sender Aas bilete «af Daniel med sin Hustru». Dette brevet til J.M. Dahl avslørar elles i ein bisetning at Daniel hadde gått litt i fotograferingslære hos Stavanger-fotografen Norland.

Vidare fortel Aas sin ven og kollega i USA om Daniel sine gjeremål elles og om hans fine utvikling, hans iver etter å ta del på møte i kyrkjer og bedehus. «Ved Prædiken og vakker Sang har Daniel trukket mange til mine Møder». Han nemner også dei vidare planane for Daniel sine studier i Europa og på Madagaskar etter heimkoma. Aas ber Dahl helsa kyrkjelydane sine og takka også dei for all god hjelp. Det er tydeleg ei glede for Aas at han kan leggja ved «nogle Linjer fra Daniel og hans Hustru. Han skrev brevet først på Madagassisk og saa hjalp jeg ham lidt med at oversætte til Norsk». Dette må ha vore tidleg i Norges-opphaldet.

I andre brev nemner Aas også «Pastor Dreyer og Pastor Sæterbø». Det var såleis ikkje misjonen, men desse venene i USA som betalte «en større del af Daniel og hans Hustrus Reiseudgifter fra Morondava til Frankrige».⁴⁵

Aas skriv takkebrev også til L. Dahle for pengar til Daniel si utdanning «forrige Aar». Misjonen har såleis også hjelpt til litt. Men desse pengane han her nemner, kan også vera til dekkjing av reisepengar for Daniel si møteverksemd for misjonen. Han hadde vore med Aas ikkje berre på Norlands-turne, men også til «Tønsberg, Arendal, Asker, Aremark» og mange andre stader.⁴⁶

Opphald i Glay i Frankrike

Reinert Aas skulle nok helst sett at Daniel fekk si utdanning ved Misjonsskolen i Stavanger. Men Borchgrevink foreslo at han heller skulle få dra til Glay i Frankrike dit misjonærar gjenom ein lenger periode vart sende for å læra seg fransk språk og kultur. Der var det også høve til å studera noko teologi. Studieopphaldet i Sør-Frankrike var tenkt som ei god førebuing til sjølv teologistudiet som Daniel skulle ta fatt på ved Presteskolen på Madagaskar.

Sjølv om Daniel ikkje ville nå starten av kullet sitt ved Presteskolen, meinte Aas at Daniel med sin bakgrunn frå Europa, i tillegg til «sine Evner og sin Udvikling, vil klare seg om han kommer noget senere. Det hele Kurs paa Presteskolen er 5 Aar». (Mon ikkje Aas tek feil og at det var på 4 år?)⁴⁷

Aas synes elles å ha vore open for at Daniel under Europa-opphaldet skulle få så breid utdanning som råd. Ved eit høve finn me at han tenkte på «at sætte ham igjen på et Værksted i Trondhjem». Men så vidt ein kan sjå, vart ikkje dette noko av.

Daniel for sin part synes å bli meir og meir viss om at Gud kalla han til prestegierninga. I eit brev på gassisk til misjonsprest Aas, skreve i Stavanger straks før reisa til Glay, er hovedinnhaldet om «Ny

fifidianako ho tonga mpiasan' ny Tompo» (= korleis og kvifor eg valde å bli ein Herrens tenar). Han ber Aas hjelpa til at dette vert røyndom og seier seg glad for at «Hovedbestyrelsen» har vedteke at han skal få ta til på Presteskulen på Ivory når han er attende på Madagaskar.⁴⁸ Sidan Daniel skulle bli Sakalava-prest og arbeida i varmen på Vest-Madagaskar ville overgangen frå Glay til Vestkysten klimatisk verta lettare enn om han fekk hospitera ved Misjonskulen i Stavanger.

Daniel syntes tilbodet i Glay med kombinert språk og teologiundervisning var lovande. Han drog til Glay ved juletider 1901 for å bli der over vinteren. Studiet av norsk språk hadde gått bra. «Han både forstår, talar og skriver norsk». Nå skulle Daniel få høve til også å læra seg godt fransk.

Misjonsprest Aas har i 1901 ein heil korrespondanse med Glay i samband med Daniel sitt studieopphald der. Når ein les kopi av breva frå Aas til «Pasteur Macler» i Glay, ser ein fort at misjonspresten sjølv framleis var noko usikker i bruken av fransk. Han skriv såleis: «Remerci beaucoup pour la place pour M. Daniel. Il reste en Norvège pour voir le Noël». (= Takk for at Daniel har fått plass. Han skal feira jul i Norge.) I eit brev frå januar året etter, ber Aas styraren pastor Macler om å setja Daniel til «ouvrages à la main à côté de ses études» (= praktisk arbeid ved sida av studiene.)⁴⁹

I Glay skal Daniel betala «Fr. 60 pluss Optagelsesgebyr paa 10 frcs» og utgifter til bøker o.a. At Aas ordnar dette for han, ser me av brev på fransk til styraren: «Voilà je vous envoie mon Fils adoptif(!) Daniel Aas, et 150 Frcs pour le pensionnement... pendant deux mois» (= Her sender eg då adoptivsonen min Daniel Aas og legg ved 150 frcs til to månadars pensjon).

Han gjer vidare greide for korleis han har tenkt å senda Daniel og kona til Madagaskar direkte frå opphaldet i Glay, og spør om Macler kjenner til om franske misjonærar er på reisefot i komande månadar og om dei kan tenkja seg å la Daniel få lag med seg.⁵⁰

Aas held heimeleidinga i misjonen godt orientert om Daniel si utviklinga i Glay og om planane for Daniel si vidare utdanning på Madagaskar. Han streka på ny under at Daniel både etter «son» og «far» sitt ynskje, skulle verta *sakalava*-prest. L. Dahle svarar i eit varmt brev til Aas at «din Pleiesøn Daniel skal faa Plads paa Selskabets Præstescole i Madagaskars Indland.»

Og Dahle legg til, visseleg til Aas sin store lette: «Han og hans Hus-tru skal faa Udreise paa Selskabets Regning». Denne positive instillinga frå misjonen si side, – etter ein periode med skyneleg skepsis til eksperimentet med å ta gasserundom ut av sitt miljø, – ga Aas fri-

mot til også å senda til NMS rekningane for Elisabeth si reise til Kristiania og for opphaldet hos frk. Næss.

Attende til Madagaskar

Ellen Sofie og Reinert Aas var vel attende i Morondava for 3. gang den 10.12. 1902. Han skriv at reisa ut hadde vore strevsom og til dels farleg – båten grunnstøtte ved Maintirano, men at dei kom vel fram. Dei saknar sonen Lars som vart att heime.

I dette brevet til «Pastor L. Dahle» av 31.12. 1902, nemner Aas ikkje Daniel og Elisabeth. Grunnen var at dei to fosterbarna hadde reist attende til Madagaskar alt våren 1902, meir enn halvåret før «foreldra». ⁵²

I breva sine kjem Aas støtt oftare fram med planane for returreisa til Madagaskar for dei to adoptivbarna sine. Ein finn i breva støtt oftare uttrykk som «indtil deres Udreise» o.l. ⁵³

Tanken hadde alt frå dei kom til Norge i 1900 vore «at faa dem tilbage til Madagaskar neste Vaar eller sommer». (Det vart heimreise våren 1902). ⁵⁴

Aas synes ikkje å ha vore ottesam for at dei unge gassarane skulle reisa åleine på førehand. Han går også heilt inn for Daniel sine ulike framlegg og reiseplanar lydande: «Ataoko fa mahazo mandeha irery-izahay». (= Det er ingen ting i vegen for at me kan reisa åleine). Daniel hadde endåtil forslag til reiseruta og -datum: «Tsy maintsy hiala aty ny 25. Avril 1902 izahay». (= Me må reisa den 25. april). Men Daniel ba om «Recommentation» frå misjoneren til å syna kapteinen på Madagaskar-båten. Aas syntes alt dette var greit.

Sjølv skreiv Aas m.a. til «pastor Svendsen» i Marseille og ba han hjelpe dei unge til rette der. Aas oppgir også navn og adresse på ein fransk prest i Marseille som han hadde rådd Daniel til å søkja hjelp hos om det trongst. Den 4.4. 1902 kan Aas skriva på gassisk til Daniel at alt er i orden og at Elisabeth dreg til Atwerpen den 16.4.

P. Buchsenschutz i Paris skriv til NMS i Stavanger at han litt uventa er beden om «les expedier» (= å senda dei). Aas har fortalt at «Daniel est attendu à l'école de Fianarantsoa» (= at Daniel er venta på presteskulen i Fianarantsoa) og at det hastar å koma av garde. Buchsenschutz lovar å skaffa dei billige billetter frå Antwerpen til Paris og vidare til Marseilles. Men ennå synes reisa vera både uvisst og lite forebudd. Han vågar difor ikkje å kjøpa billetter for båtreisa til Madagaskar. ⁵⁵

Dette viste seg å vera fornuftig for det vart forandringar på reiseplanane for dei gassiske ungdomane. Det vart for Elisabeth sitt vedkomande avreise «fra X-ania først 30. April 1902». Aas drog sjølv til

Kristiansand, tok imot henne på kaien og såg henne vel ombord i Antwerpen-båten den 2. mai saman med all bagasjen til både Daniel og Elisabeth.

Men Madagaskar-billetter må likevel ha vorte kjøpte, for både Daniel i Glay og Buchsenschutz i Paris fekk bry med å forandra avreisedatum på billettane som lydde på slutten av april. Nå vart det avgang frå Marseilles den 10. mai. Det såg ei stund ut til at dei måtte kjøpa nye billetter. Men alt synes å ha ordna seg bra til slutt.⁵⁶

Den 4.4. 1902 kan Aas skriva på gassisk til Daniel at alt er i orden og at Elisabeth dreg til Antwerpen den 16.4. Han sender med henne pengar slik at Daniel kunne ordna opp med pastor Macler, leidaren i Glay for det som står att ubetalt der. Ein faderleg formaning finst også i brevet til Daniel: «Tandremo ny entanareo» (= Pass på bagasjen!).⁵⁷ Reisa deira var til slutt så godt organisert at det heile gjekk utan serlege vanskar.

Så var eventyret i Daniel og Elisabeth sitt liv: Europa-opphaldet, slutt. Dei to ungdomane var på heimveg rike på inntrykk og røynsle.

I brev til Lindø på presteskulen overlet Aas sine «To Pleiebørn i Eders Haand». Han fortel at Daniel og Elisabeth ikkje ville koma innom Morondava, noko dei hadde vona på. Båten gjekk rett til Tamatave på Austkysten. Derifrå ville dei ta snaraste vegen opp til Antananarivo og vidare til Fianarantsoa.⁵⁸

Ei tung børd hadde falle av Aas sine aksler då NMS «overtok Daniels og Elisabeths Reiseudgifter fra Norge til Madagaskar». Men det var også ein stor lette å kunna overlata ansvaret for dei til andre.⁵⁹

Ansvar, arbeid og omtanke for Elisabeth og Daniel hadde i lengda teke på ekteparet Aas sine krefter. Då ungdomane var reiste attende til Madagaskar, gler Ellen Sofie og Reinert Aas seg til komande haust og vinter å få bu åleine i eit lite husvære i Stavanger «sammen med vor lille Lars-stakkars Lars- som så lidet har faatt være hos sin Papa».⁶⁰

Lars var nå blitt så stor at han hadde teke til på gymnaset der han klarar seg godt: «Det gaar godt for Lars paa Kongsgaard, men vi gruer for den Dag da vi igjen skal sige ham Farvel for rimeligvis ikke at se ham mere paa Jorden».⁶¹

Dette siste kan i dag synast å vera litt overdreve dramatisk. Men etter opplevingane den første perioden ute, var Aas i røynda realist. Berre i Morondava døydde 10 norske i åra 1880–84. Dei nemnde tala fann me fram til gjennom arbeid med ministerialboka i Morondava fleire år før stasjonshuset brann og arkivet gjekk tapt.

Før han sjølv forlet Norge, ordna Aas opp med eigeretten til sin «Del av Gaarden Aas». I fleire brev om dette går uttrykket «Hvis jeg lever saa længe». «Hvis jeg dør», igjen fleire gonger. Han overlet til to

av brørne sine (Ingemund og kona Martha, og Rasmus og Ili (Eli), oppsynet med sin del. Han ber dei også å ordna med arveoppgjer om han ikkje skulle koma heimatt i live. Han ber dei, pussig nok, serleg å ha «Tilsyn med 2 Faar»(!) Og så legg han til: «Med Hensyn til Skogen maa den staa urørt.»⁶²

Utreisa i 1902 (Reinert Aas si tredje) vart, anstrengjande. I brev til Daniel og Elisabeth på Ivory fortel han at skipet «Persepolis» grunnstøtte og sprang lekk på Madagaskar-kysten og at dei sjølv og bagasjen deira kom mykje seinare fram til Morondava enn planlagt. Men 21.12. 1902 kan han skriva til kollega Røstvig: «Min Hustru og jeg er naaet frem til Morondava.» Ein ny arbeidsperiode i Morondava tok til for pionermisjonæren frå Sand i Ryfylke.⁶³

På Ivory presteskule

Av eit brev til Aas, skreve 2. mai 1903, ser ein at Daniel hadde vore to år (frå våren 1902) ved presteskulen då han tok eksamen i 1903. Den 1.12. 1903 skriv Aas brev til «Bestyrelsen i NMS» der han fortel at Daniel trass sin seine start på kullet likevel hadde teke ein fin eksamen med karaktere «1,28». Aas gler seg over dette.⁶⁴

Vel attende på Madagaskar, hadde Daniel som planen var, for alvor teke til med sine teologiske studier ved Ivory Presteskule i Fianarantsoa. I NMS-arkivet i Stavanger ligg det fleire brev frå Ivory, brev Daniel sende til Reinert Aas og familien.⁶⁵

I desse breva gir Daniel fleire opplysningar om studiet, om lærarsituasjonen og livet elles på Ivory. Han fortel m.a. at den franske misjonæren Parrot var komen attende og underviste i fransk og at ein ungdom frå Morondava som ynskte å fylgja undervisinga hans, trong eit introduksjonsbrev frå Aas til Parrot før dette kan gå i orden.

Åra på presteskulen var gode for både Daniel og Elisabeth, sjølv om dei til tider streid med visse økonomiske vanskar. Overgangen frå dei romslege åra i Europa var nok stor. Nå måtte dei dessutan sjølv ta ansvaret for økonomien. Pengehjelpa dei framleis fekk frå Aas i Morondava kjendes nok stundervis knapp, serleg etter at dei fekk sitt første barn, dottera Frida.

Daniel er stolt når han under breva kan skriva «Daniel 3 mianaka». (= Danielfamilien på tre). Men han har det så knapt at det hender han må be «Papa» om pengar. Frida var sjukleg av seg så dei trong pengar til medisin. Dessuten ynskte Daniel å kjøpa seg eit bibelleksikon. Pengeproblem var noko nytt og uventa, for sjølv etter heimkoma til Madagaskar hadde dei den første tida, gjennom post og misjonærar som kom ut, hatt eit jamnt tilsig av gåver frå Norge. Lindø

hadde såleis sendt «kr 5». Ein unemnd ved «Stavanger Amtssygehus» hadde sendt ein større sum.

Såleis vart det Reinert Aas som også i denne perioden av Daniel si studietid, bar den tyngste økonomiske børda. Der ser ein av dei 17 postkvitteringane for pengar sendt frå Morondava til Daniel i Fianarantsoa.⁶⁶

Aas reknar med at han må halda Daniel i Innlandet i bortimot 3 år. Ved sida av å hjelpa Daniel og kona, må han dertil framleis tre støttande til overfor dei andre gassiske fosterborna han hadde hjelpt gjennom mange år. I tillegg betalar han nå for eit par elevar som les fransk hos M. Parrot.

Daniel takkar ofte både for pengar (kr 7, kr 3 etc.) og for klær. Sjølv har han bra med klær, seier han, men Elisabeth har lite. Det høyrest underleg ut med tanke på at dei nyleg var komne heim frå opphaldet i Norge.⁶⁷

Aas hadde fått sydd ein dress til Daniel i Norge. Nå spør han om dressen trengst straks eller om Daniel vil venta med å ta han i bruk til ordinasjonen. Daniel svarar i brev av 22.7. 1903 at det i Fianarantsoa er så mange store dagar i tida framover, t.d. L. Dahle sitt besøk til synodemøtet det året, at han vil setja pris på å få dressen send opp når det høver «foreldra».

Han legg til at Elisabeth er mykje plaga av sjukdom, men at dr. Thesen skulle undersøka henne under stormøtet i Fianarantsoa då alle misjonærane samlast saman med dei gassiske kyrkjeleidarane. Vesle Frida er også framleis veik og anemisk.

Møtet med Soatanana-rørsla

Les ein breva Daniel skreiv til Morondava, skynar ein at han i åra på Ivory, fekk sterke impulsar frå Soatanana-rørsla. Det kan sjå ut som om kontakten med Soatanana gjorde at han vart verande i Fianarantsoa ei tid etter studiene var avslutta. Impulsane frå denne vekkjingsrørsla fekk mykje å seia for Daniel si utvikling til ein varm kristen og ein prest rikt utrusta med nådegåver. Han fortel ofte om Soatanana-«apostlane», og synest å akseptera heilt deira arbeidsmetodar og program, deira handspåleggjing og utdriving av ånder.

Han strekar også under deira omsorg for kvarandre og for kyrkje-lydane der dei slapp til. Han vurderar positivt både deira sosiale profil og deira lære som han finn bibelsk akseptabel. Han meiner det ligg åndeleg alvor attom deira arbeid og deira spesielle veremåte.⁶⁸

Daniel varslar i brev av 3. mars 1903 at ein flokk Soatanana-utsendingar er på veg til Morondava-området. Ein gong er det tale om heile 62 menneske i reisefylgjet. Dei hadde som start på turneen vore

innom Ivory. Dei kvinnelege «mpiandry» (= hyrdingane) hadde hatt møte for elevkonene. Daniel vurderte møta som verdfulle. Han vonar nå at utsendingane kunne tena Andens eld i Morondava også.⁶⁹

Sidan han truleg visste at Aas, som andre misjonærar, var litt skeptiske og avventande overfor Soatanana-rørsla, er det med di større glede Daniel sidan kan takka Aas for å ha teke så vel mot utsendingane. Daniel gjer i breva sine til Morondava sitt beste for å gi att alle takkens ord om Aas som vekkjingsfolka ved heimkoma til Fianarantsoa og Soatanana hadde kome med. I misjonærflokken som dei møtte der Vest, var Aas den gildaste og venlegste. Han var «malemy fanahy» (= mild), men Daniel legg for sikkerhets skuld til at han er samd med Aas i at det er etter apostlane si forkyning, deira gjeringar og framferd, ein skal døma dei.

Truleg for å vedkjenna seg og kona som positive og nær knytte til rørsla, legg han til at Elisabeth, i heimen deira på Ivory, ofte steller for «apostlar» på gjennomreise frå og til Soatanana.⁷⁰

Arbeid som prest

Då underskrevne i 1946 kom til Madagaskar for første gong, var Daniel Aas i ferd med å bli pensjonist. Men han var framleis i teneste, då som sokneprest på Masombahoaka, hovedkyrkja i Fianarantsoa.

Men den første arbeidsplassen hans som prest hadde vore på Vest-Madagaskar. Ja, tilsynsmann Borchgrevink ordinerte han nett til teneste i Sakalava-land. Reinert Aas fortel at Daniel var den tredje av innfødde prestar som vart spesielt utdana til teneste på Vest-Madagaskar.⁷¹ Der vart han medarbeidar med misjonsprestane Emil Birkeli og Carl Peter Østby og gjorde sine føresette takksame og glade ved sin ivrige og fine innsats.

Han hadde det nok ikkje lett i byrjinga. Såleis ber han i eit brev frå Marovoay om hjelp til å skaffa stolar og eit bord. Møblene som hørde prestehuset til, var farne med «Paolo». Det kan vel ikkje vera presten han tok over etter?⁷²

Men på same vis som i barneåra, fekk Daniel vanskar med kystklimaet. Helsa skranta. Leidinga i misjonen fann då at Daniel burde flyttast over til Indlandet. Etter ei rekonvalesenttid der oppe, vart han knytt til Ambatofinandrahana distrikt som på den tid vart styrt av misjonsprest Hans Smith. Han var tiltenkt lærararbeid ved ein Bibelskule dei vona få i gang. Men i påvente av at dette prosjektet skulle ta til, vart han evangelist utan eit definert arbeidsfelt. Han reiste over heile distriktet til dei stader der det opna seg veg for han.

Daniel var folkeleg og enkel i si framferd og han hadde ei serleg evne til kontakt med folk. Gjenom si forkynning og sjelesorg fekk han føra mange inn i kyrkja og Guds rike. Misjonsprest Smith fortel at i ein av kyrkjelydane, hadde Daniel Aas heile 48 katekumenar som han underviste og tok seg av.

Fru Julie Smith, f. Arnestad, skreiv brev til Aas og fortalte om korleis Daniel med sitt milde sinnelag, sin kunnskap og sine nådegaver fekk til ein eventyrleg framgang i arbeidet. Det var tale om å senda dette brevet til misjonsbladet «K og S» (Kamp og Seier), men sidan det då ville koma Daniel for auga, var dei redde «skrytet» kunne verka negativt på han.

Men Reinert Aas gledde seg over meldingane han fekk frå kolleger om samarbeidet med Daniel. Som sjelesorgjar for sjuke må han ha vore eineståande. Det var alle samde om. «Me kjenner det som om Jesus kjem inn til oss ilag med han», sa folk.⁷³

Eit anna distrikt som Daniel Aas fekk hjelpa fram, var Ambohimasina der han arbeidde saman med misjonsprestane Markus J. Horne og Ole Strand. Reinert Aas gir i bøkene sine sjølv eit døme på korleis Daniel arbeidde. Han hadde ein gong hatt høve til å gå ilag med han på besøk hos ein sjuk, og undra seg storleg over kor klokt Daniel gjekk fram for å skapa syndenauð og lengt etter frelsa i Jesus Kristus. Reinert fortel der at han hadde fleire trekk nedskrevne om Daniel og om gjerninga hans som prest. Men meir enn det nemnde har me ikkje funne.⁷⁴

Sluttord

Dette første forsøket på å gi utdanning i Europa til ungdom frå misjonslanda må seiast å ha vore vellukka. Ein kan likevel alltid diskutera om det er klokt å sleppa laus det private initiativ på dette feltet. Men samstundes må ein berre la seg imponera både over misjonsprest Reinert Aas si omsorg, og over NMS, som – om ikkje med *frimot* og *oppmuntring* – likevel let einskildmisjonæren få frie taumar så han kunne prøva ut sin visjon om tidleg forming av gassiske kyrkjeleidarar.

Kjelder:

NMS-arkivet i Stavanger, journalar, kopibøker og brevsamlingar.

Norsk Misjonstidende.

Statsarkivet i Stavanger.

Kyrkjebøkene for Suldal, Sand og Sauda og Stavanger.

R.L. Aas: *Oplevelser og Indtryk I-II*, Stavanger 1923.

Noter:

1. Mellom franske han møtte kan namnast M. Campan i Nossibe. Sjå: R.L. Aas: Oplevelser og Indtryk I, s. 246.
2. Op. cit II, s. 51.
3. Kopibok s. 186 ff. Brev frå Morondava 6/8 1900.
4. «longo» = ven, «raiko» = min far, «Raiko malala» = min kjære far.
5. «Aza manadino ahy» = ikkje gløym meg, «Ny sambo kelinay aty» = vår vesle båt her nede, «Jeso sakaizanay» = Jesus vår ven, o.fl. I overskrifta heiter det: Nokre songar til «min kjære Lars».
6. Boks 3, Legg 10. Daniel-brev frå Stavanger den 16/1 1902.
7. Boks 111, Legg 6. (Journal nr. 269) 16. april 1902.
8. Brev av 12/12 1903 frå Presteskulen til Aas og frue.
9. Brev frå Daniel til «papa og mama» i Morondava skreve 12/6 1903.
10. Kopibok s. 213, Aas-brev til Lars Dahle skreve i Paris 12/12 1901.
11. *Norsk Missionstidende*, s. 367-379 for 1900. Aas-brev frå Marseille på veg heim til Norge, skreve 26/9 det året.
12. Boks 3, Legg 10. Brev frå Mahabo 1/8 1899.
13. Kopibok, Aas-brev av 1/8 1900.
14. Kopibok s. 208. Aas-brev av 21/8 og 28/8 1900.
15. Op. cit. II, s. 240.
16. Op. cit. I, s. 240.
17. Op. cit. II, s. 174.
18. Boks 3, Legg 10. Aas-brev skreve 22/4 1896.
19. Som note 18.
20. Kopibok s. 257. Brev frå Aas på Sand til L. Dahle 18/9 1901. Sjå også: Kopibok s. 312. Aas-brev frå Stavanger 24/2 1902.
21. Kopibok, Aas-brev til L. Dahle frå Sand 18/9 1901 og brev frå Stavanger 24/10 1901.
22. Boks 111, Legg 5 og Journal s. 536. Aas-brev til L. Dahle frå Sand 18/9 1901.
23. Op. cit. II, s. 174.
24. Kopibok s. 193. Aas-brev til L. Dahle av 22/11 1900.
25. Kopibok, Aas-brev frå Stavanger 25/10 1911.
26. Journal nr. 635. Boks 110, Legg 6. Brev frå Bolette Gjør. Sjå også Boks 110, Legg 4. Borchgrevink-brev til L. Dahle skreve i 1901 (utan nærare datering).
27. Kopibok, s. 303. Aas-brev frå Stavanger skreve 13/2 1902.
28. Kopibok, s. 278. Aas-brev til frk. Næss av 9/1 1902.
29. Kopibok, s. 265 og 277. Gjennom brev skreve 24/10 og 12/12 1901 frå Stavanger, uttrykkjer Aas takksemnd til alle som tek seg av Elisabeth. Sjå også: Kopibok, s. 278. Aas-brev frå Stavanger skreve 9/1 1902.
30. Op. cit. II, s. 247.
31. Boks 111, Legg 8. Protokoll «1908» nr. 31. Postkort av 20/1 1902.
32. *Norsk Missionstidende* 1901, s. 427-428.
34. Kopibok, s. 253 ff. Aas-brev til Br. J. Stene skreve på «Sand i Ryfylke» den 11/9 1901. Sjå også Boks 24, Legg 5 frå 22/1 1902.
35. Aas-brev frå Paris skreve 16/4 1901. Det same nemner Aas i Op. cit II, s. 242.
36. Kopibok, s. 207. (Datum ikkje nemnd). Rekneskap.
37. Op. cit. II, s. 240.
38. Op. cit. II, s. 242.
39. Kopibok, s. 229. Aas-brev skreve 11/3 1901 til kollega C.P. Øsbye. Sjå også Kopibok, s. 213. Brev til broren Elias skreve 16/4 1901, og Kopibok, s. 239. Brev til L. Dahle skreve 12/2 same året.

40. Kopibok, s. 233. Aas-brev frå Paris 21/3 1901. Kopibok, s. 249. Aas-brev til L.J. Rostvig frå Paris skreve 1/5 1901.
41. «M.I' Instituteur Beaudroit, ilay nampianatra antsika tany Paris, no tonga eto» (= Lærer Beaudroit som underviste oss i Paris, er komen hit (til Ivory)).
42. Op. cit. II, s. 174.
43. Op. cit. II, s. 12 ff.
44. Kopibok, s. 263. Brev frå Sand 11/10 1901.
45. Kopibok, s. 231. Aas-brev til kollega C.P. Østbye skreve 5/3 1901 frå Paris.
46. Kopibok, s. 273 f. Aas-brev frå Stavanger skreve 5/12 1901. Kopibok, s. 257. Brev frå Sand 19/12 same år. Kopibok, s. 261. Brev frå Sand til L. Dahle 18/9 og 19/9 1901.
47. Kopibok, s. 267. Aas-brev frå Stavanger 25/10 1901 til kollega K.O. Lindø. Kopibok, s. 273. Aas-brev til J.M. Dahl av 5/12 1901.
48. Kopibok, s. 286. Brev av 16/1 1902.
49. Kopibok, s. 272. Aas-brev til Glay frå Stavanger 5/10 1901. Sjå også: Boks 24, Legg 4. Aas-brev skreve frå Stavanger 15/1 1902.
50. Kopibok, s. 285. Aas-brev av 15/1 1902.
51. Kopibok, s. 216 ff. Aas-brev av 6/2 1902 frå Stavanger til misjonsleidinga der i byen. Kopibok, s. 306. Ein rekneskap på gassisk der det m.a. står: «Dian' ny Elisabeth ho any X-ania» = Elisabeth si reise til Kristiania.
52. Boks 142, Legg 9. Brev frå R.L. Aas av 31/12 1902.
53. Kopibok, s. 277. Aas-brev til «Fru Gjør» skreve 12/12 1901. Kopibok, s. 278. Aas-brev til «Frk. Næss» av 9/1 1902.
54. Kopibok, s. 273. Aas-brev til J.M. Dahl av 5/12 1901.
55. Boks 111, Legg 6. Journal nr. 269. Brev skreve 16/4 1902.
56. Kopibok, s. 327. Aas-brev frå Stavanger skreve 21/4 1902 til «Pastor Raaen». Kopibok, s. 330. Aas-brev til Elisabeth skreve 24/4 1902.
57. Kopibok, s. 323. Aas-brev til Daniel skreve 4/4 1902.
58. Kopibok, s.? Aas-brev av 29/4 1902. K.O. Lindø var på den tid styrar på presteskulen.
59. Kopibok, s. 342. Brev av 9/10 1902.
60. Journalnr. 536. Boks 111, Legg 5. Aas-brev frå Sand til L. Dahle datert 18/9 1901.
61. Kopibok, s. 309. Aas-brev frå Stavanger av 24/2 1902 til Borchgrevink.
62. Kopibok, s. 332 og 342. To Aas-brev frå Stavanger skrevne 8/10 1902.
63. Kopibok, s. 349. Aas-brev utan datum frå Morondava til Ivory, Fianarantsoa. Kopibok, s. 350. Aas-brev av 21/12 1902.
64. Boks 142, Legg 9. Aas-brev frå Morondava av 31/12 1902, og Daniel-brev frå Ivory skreve 2. mai 1903. Sjå også: L. Munthe: «Ny Kolejy Loterana Malagasy nandritry ny 100 taona», Antananarivo 1971. (= Den gassisk-lutherske presteskulen gjennom 100 år).
65. Samlinga av gassiske brev frå Daniel til R.L. Aas og familie som me har sitert frå, finn ein i ein Boks 3, Legg 10 merka med «NMS arkiv, Madagaskar 1885–1903.»
66. Boks 3, Legg 15. Her ligg desse kvitteringane saman med eit Aas-brev på gassisk til Daniel.
67. Brev av 12/6, 19/8, 15/8, 13/11 1903.
68. Brev til Aas i Morondava frå Fianarantsoa 3/7 1903.
69. Daniel-brav til Aas i Morondava skreve i Fianarantsoa 3. mars 1903.
70. Brev av 12/6 1903.
71. Op. cit. II, s. 161 ff.
72. Brev frå Marovoay av 17/8 1904 frå Daniel til Aas i Morondava.
73. Op. cit. II, s. 172.

74. Op. cit. II, s. 172-173.

Ludvig Muntbe, f. 1920, cand. theol. MS 1946, Licence en Theologie (Paris) 1957. Misjonsprest på Madagaskar (NMS) 1946–65, lærer på Misjonsskolen (1966–75), professor på MF (1977–87). Diverse bøker og artikler om misjonsteologiske emner.

The Malagasy pastor Daniel Aas and his wife Elisabeth

The Norwegian missionary Reinert Aas, working in Madagascar from 1880 to 1907, started – with help from friends in USA – a private education program for young Malagasy in order to prepare them for leadership in the Malagasy society and church. He brought with him to Europe Daniel and Elisabeth 22 and 15 years old, given to him by their Malagasy families. They spent a couple of years in Norway and France where they studied language and handicraft, theology and European culture. Back in Madagascar Daniel did outstanding work as pastor at the West Coast and the inland of the island.